

NVE

«HØYRINGSUTTALE 202320330»

## Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Konklusjon

**Prosjektet har så omfattende negative konsekvenser at det må avvisast!**

Vanlig praksis og tankegang ved utbyggingar er at tiltaket skal ha større fordeler enn ulemper. I dette tilfelle blir samla kraftproduksjon redusert med opptil 100 GWh årleg, naturinngrepa blir svært øydeleggjande, bygda får enno meir ulemper og vanskar for bruk av eigedomar og naturområde, inntektene til kommunen blir sannsynligvis redusert.

Denne saka er svært vanskeleg og traumatisk for lokalsamfunnet. Kontrakten frå 1962 er basert på heimfall, der dei lokale kommunane skulle få inntil 1/3 av eigarskapet til anlegget. At eigarskapet til kraftanlegget skal havna i Hydro og på Jæren, er heilt uforståelig. Røldal har ofra natur og kultur – ein viktig stølskultur vart omtrent utradert ved neddemming av Valdalen og Votna. Naturinngrepa er svære, og medfører store sår.

Kraftutbygging, vegutbygging og kommunesamanslåing kom samstundes på 1960-talet.

Ei sterk sentralisering har medført meir og meir utarming av Røldalsbygda. Tenester og arbeidsplasser er blitt lagt ned - dette gjeld både kommune, vegvesen og kraftselskap.

Røldal har forsynt kommunesenter og storsamfunn med store midlar gjennom 60 år. I bygda blir sjukeheim, bibliotek, legekontor, og kanskje ungdomskule lagt ned.

Pkt	tema	merknad
A	<b>Sakspapirer</b> Prosjektet har svært omfattande saksmateriale, tildels lite pedagogisk framstilt, mange gjentakingar, omtrentligheter og feil. Materialet ber preg av beskjeden kvalitetssikring – (hastverk?).	vanskelig tilgjengelig
B	<b>Opprusting og utvidelse – revisjon</b> Desse to prosjekta går samtidig, og er ikkje klart adskilt. Omsøkte nye anlegg slår i stor grad i hel eventuelle miljømessige forbetringar som kunne vore gjennomført.	samanblanding
C	<b>Alternativ utgreiing</b> I ei så omfattande sak burde det vore presentert ulike løysingar på eit skissemessig nivå. Ein burde drøfta installert effekt, samla energiproduksjon årlig, og forhold omkring kraftanlegget, natur og miljø. Her har ein landa på eit prosjekt som er basert på stor produksjon ved høgt prisnivå, medan miljømessige forhold blir forverra. Samla produksjon for anlegget blir redusert med minst 100 GWh årleg (kfr. O.M.Skaar). Dette vil venteleg medføra redusert inntekt til vertskommunane. Ein burde sjå på korleis ein kan senda vatn og elektrisk kraft mellom RSK og Ulla Førre for å utnytta nedslagsfelt og maskinkapasitet optimalt.	alternativ?

D	<p><b>Maskiner</b></p> <p>Det er lagt opp til at same maskin skal fungera som generator og pumpe. Vatnet skal altså snus gjennom same system, dette må vera svært tungvindt og ineffektivt. Det virkar ikkje truverdig at dette skal takla døgnvariasjonar på nettet.</p>	snu vatnet?
E	<p><b>Deponi Lynghamar – landskap</b></p> <p>Her er eit elvedelta som er bygd opp gjennom tusenvis av år, dette er ei viktig del av Røldal sin identitet. Eit svært deponi vil vera dominerande og øydeleggjande i landskapet. Særleg når vatnet er tappa ned vil denne steinfyllinga bli svært skjemmande. Ei framstilling av denne utfyllinga som eit attraktivt friområde tilknytta vatnet er misvisande – vatnet vil for det meste vera sterkt nedtappa dersom effektkjøringsregime skal råda.</p>	skaparverket
F	<p><b>Deponi Lynghamar – kommunalt vassverk</b></p> <p>Det virkar hasardiøst å leggja ei enorm fylling med forurensa massar og fint steinstøv inntil og på vassverket sitt reservoar. Det var og planar om å fylla sprengstein frå Tufteelva Kraftverk på dette området – det vart heldigvis avverga.</p>	trussel mot vassverk
G	<p><b>Deponi Liamyrane ?</b></p> <p>Det er beskreve eit alternativt deponi på Liamyrane, som del av Vegvesenet sitt prosjekt for E134.</p> <p>450.000 m3 stein – 45.000 billass – skulle då kjørast gjennom bygda til Liamyrane. Dette ville bety 7 billass pr time - dag og kveld - gjennom 3 år. Transporten vil måtta passera jordbruksområde, campingplasser, kyrkja, bustadområde. Heile Kyrkjekrinsen ville bli belemra med støy, støv, skit, slitasje på vegar som ikkje er bygd for slik transport. Denne transporten ville og vera eit stort trafikktryggleiksproblem for gåande, syklistar, lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk på E134.</p>	folkehelse
H	<p><b>Røldalsvatnet</b></p> <p>Dette er golvet i landskapsrommet for bygda – det er uverdige at dette blir tappa ned 17 meter. Bygda har no 60 års erfaring med nedtappa vatn, stygge strender, vanskeleg båtbruk, utrasing og erosjon, frostrøyk. Pumpekraftverk med 2 meters variasjon i vannstand ville gjera desse problema endå større.</p> <p>Røldalsvatnet må no få lov å liggja i ro, på kotehøgde 378 -380. Det planlagte prosjektet viser ei kynisk og uverdige haldning til bygda.</p>	golvet i landskapsrommet
I	<p><b>Votnamagasinet – meir effektkjøring?</b></p> <p>Tilkomsten til vestre del av magasinet er utfordrande. Kjørevegen til dammen blir stengt utpå hausten/vinteren – oftast i oktober/november. Isen brukar å leggja seg omtrent ved årskiftet. Isen har i hovudsak vore brukande etter nyttår. Kjørevegen har mange rasutsette parti, er fylt med snø delvis i 45 graders skråning, og kan sjelden brukast for gåande/skiløparar. Ein kan ikkje kjøra snøskuter på vegen vinterstid. Effektkjøringa dei siste åra har gjort det vanskelegare å bruka isen, pga åpne parti og usikker is både langs land og ved</p>	menneske, reinsdyr, fisk?



	<p>trange parti i magasinet (Reinshølen). Dersom pumpekraftverk skulle bli realisert, ville vannstanden i Votnamagasinet kunna variera med 4 meter i døgeret. Dette ville bety at normal islegging ikkje vil skje, og at ferdsel for folk og dyr ville vera umogeleg. Lyse Kraft sine utsagn om at folk kan gå på ski andre stader er useriøst og flåsete.</p> <p>Votnamagasinet er ei viktig trekkroute for reinsdyr om vinteren, reinsdyra må kunna finna vegen ut på isen, gå på trygg is på magasinet, og koma seg velberga opp frå isen. Ved 4 meters variasjon på vannstanden kan dette medføre problem.</p> <p>Vannstandvariasjon på 4 meter i døgeret ville og medføre vanskeleg båtbruk, meir utvasking/erosjon, og forverring av forhold for fisk i magasinet.</p>	
J	<p><b>Votna – rigg og deponiområde</b></p> <p>Det er skissert påhogg, riggområde og deponi vest for Votnamagasinet. Det er skissemessig teikna inn vegar som er framstilt som smale stiar.</p> <p>I praksis vil desse vegane måtta vera tofelts - for store dumperar og maskiner. Både breidde, linjeføring og skjering/fylling er derfor ikkje reelt framstilt, store deler av området vil bli sprengt sundt. Kartframstillingane er svært misvisande.</p>	inngrep i landskapet
K	<p><b>Valdalen</b></p> <p>Det 10 km lange magasinet har drukna ein av landet sine finaste stølsdalar. Her var 17 stølar i aktiv bruk før utbygginga. Nokre av stølane er reetablert over ny vannstand. Dalen er i bruk av bygdefolk, for dyrehald, skoging, friluftsliv, jakt, fiske, bærplukking mm. Valdalen er og ein viktig innfallsport til Hardangervidda – dette er av nasjonal og internasjonal betydning. Tilkomsten vinterstid har vore svært vanskeleg, særleg dei siste åra etter at effektkjøring vart innført. Dersom pumpekraftverk skulle bli innført, vil dette kunna gje vannstandsvariasjon på 2 meter i døgeret. I praksis vil det bety at isen ikkje blir farbar. Ein omveg over Tjødnastølskar er ikkje eit alternativ – her må ein opp i 1.030 meters høgde, i vérutsett og rasfarleg terreng. Tilkomst som sikrar liv og helse kan oppnås med tunell, eller kombinasjon av tunell/overbygg i Hedlemobakkane.</p>	tilkomst, bruk liv og helse

Røldal 29.10.24



Sondof Rabbe


VEDLEGG BILDER OG KART



**F**  
**FORESLÅTT DEPONI LYNGHAMAR – EIT GROVT LANDSKAPSINNGREP**




**H**  
**FROSTRØYK 02.02.21**



**J**  
**VOTNA – DEPONI, RIGG, PÅHOGG, VEGAR -**  
**VEGANE ER FRAMSTILT SOM KJØRBARE GANGVEGAR ?**  
**HEILE DETTE OMRÅDET VIL MÅTTA BLI SPRENGT SUND - MISVISANDE FRAMSTILT**

## Ullensvang kommune



<https://kommunekart.com/klient/utskrift/?funksjon=vispunkt&x=59.89420162276309&y=6.883901517916797&zoom=13.374090795704355&bakgrunnskart=0...> 1/1

**K**  
**VALDALEN - OMVEG TJØDNASTØLSKAR –**  
**FRÅ HØGDE 750 TIL 1030 METER – SKILNAD 280 METER.**  
**VERUTSETT OG RASFARLIG**  
**IKKJE SÆRLEG ATTRAKTIVT I DÅRLEG VER**